

Feirar Fourth of July med familiefest på Sletta

Fredag opnar Utvandringsfestivalen på Sletta med stor amerikansk grillfest, marshmallows, stjerneskot og konsert.

Av Silje Sæterdal Bøyum
silje@strilen.no

Vestnorsk utvandringscenter på Radøy pleier å leggja si årlege festivalhelg nær den amerikanske sjølvstendedagen, og i år treff dei blink med opningsdagen fredag.

– I år startar festivalen på sjølvaste Fourth of July, og kva passer vel betre enn å feira dagen med amerikansk barbeque, seier fungerande avdelingsleiar Åshild Sunde Feyling Thorsen ved utvandringscenteret.

Fredag ettermiddag arrangerer museet grillfest på amerikansk vis, med mykje godt og grilling av marsmallows for store og små.

– I USA feirar ein gjerne dagen med BBQ eller piknik, så eg håper dette kan bli ein ny tradisjon på Sletta, seier Thorsen.

Etter grillfesten held den plateaktuelle gruppa Svermere konsert i Emigrantkyrkja. Musikken har utgangspunkt i norsk folkemusikk og hentar inspirasjon frå rock, jazz og world music, fortel Thorsen. Felespelar i gruppa, Aslak O. Brimi, har vunne Landskappleiken på fele to gonger.

Grytten og Årebrot

I landsbyen er det aktivitetar for born og familiar heile laurdagen.

– Her kan store og små kle



KLART FOR BESØK: I emigrantlandsbyen vert det liv i helga, med bogeskyting, gullgraving, Amerikafotograf, der ein kan ta bilde av seg sjølv som utvandrar, og ei heilt ny utstilling på legekantoret.

Foto: Tom Arild Valdersnes



LEGELIVET: I ei ny utstilling kan ein verta betre kjent med doktor J. C. Serkland. Det er hans legekantor som vart flytta til Sletta i 2001.

Foto: Vestnorsk Utvandringscenter

seg ut som utvandrarar og gå til Amerikafotografen, det vert skyting med pil og boge, gullgraving og mykje meir, seier Thorsen.

Laurdag vert det også fagseminar med temaet «Grunn-



LEIKANDE MUSIKK: Svermere ønskjer å ta vare på tradisjonsmusikken, men også å leika med den og tøya sjangergrensane. Fredag vert det plateaktuelle bandet å høyra på Sletta.

Foto: Johannes Selvaag

lovsjubileet i perspektiv av utvandringa til Amerika og USA si grunnlov av 1787». Her vert det mange føredrag, mellom anna av professor Frank Årebrot frå UiB, professor Ola Honningdal Grytten frå NHH

og professor Oddvar Johan Jensen frå NLA.

– Me er svært nøgde med tematikken til seminaret i år. Den amerikanske grunnlova var ei av inspirasjonskjeldene til den norske grunnlova, og under semina-

ret vil me dessutan få høyra meir om korleis utvandringa til Amerika har verka på politiske og sosiale rettar i Noreg, seier Thorsen.

Ny utstilling på legekantoret

Det vert ei ny utstilling å sjå på legekantoret i emigrantlandsbyen frå helga av. Legekantoret til doktor J. C. Serkland vart flytta frå Rothsay, Minnesota, og gjenreist på Sletta i 2001. I utstillinga får ein verta betre kjent med doktoren og læra om helsetilhøva til norske utvandrarar. Blant anna, fortel utstillinga historia om Elisabeth Fedde, ei norsk diakonisse som reiste til USA for å hjelpe nordmenn som det ikkje gjekk så greitt med.

– Fedde fortel om ei dramatisk tid med stor naud, sjukdommar, alkoholisme og fattigdom. Skildringane hennar kan vera ei påminning om at også nordmenn ein gong har vore sjuke eller fattige i eit framant land, seier Thorsen.

Ring oss i dag
55 18 12 00

Arbeidsrett | Arverett og dødsbo
Barne- og familierett | Erstatningsrett
Fast eiendom | Kjøpsrett | Strafferett
Alminnelig praksis | Eiendomsmegling

HØGSETH
ADVOKATFIRMA MNA

Åsane: Litleåsveien 41, 5132 Nyborg.
Knarvik Senter: Inngang 6, Kvernhusaugane 10, Isdalstø.
www.hogseth.net | advokat@hogseth.net

Lang straff for tjuveri

Av Livar Aksnes
livar@strilen.no

Ein mann i 20-åra frå Nordhordland er i Nordhordland tingrett dømd til fengsel i ti månader, men halvparten av straffa er på vilkår å to år.

Mannen er dømd for ei rekkje innbrot i båtar, både i Salhus og andre stader i Åsane. Frå båtane har han stole alt frå redningsutstyr til sjampanje. Han er og dømd for å ha stole fleire småbåtar både i Lindås, Meland og Askøy, og for å ha brote seg inn i naust.

Vidare er mannen dømd for å ha stole sykklar på Ikenberget i Lindås, for festbråk og for å ha brukt narkotika.

I tillegg til fengselsstraff må mannen betala vel 30.000 kroner i erstatning til ulike fornærma, og han har fått inndrege mykje tjuvgods, frå fiskeknivar til øl.

Ruskøyrde til fengselet

Av Livar Aksnes
livar@strilen.no

Ein mann i 40-åra frå Nordhordland er i Nordhordland tingrett dømd til fengsel i 40 dagar for køyring i ruspåverka tilstand. Mannen skulle køyra nokon som skulle henta sonen sin i Bergen fengsel, men då dei kom fram dit hadde sonen reist til Bergen. Dei køyrde etter til byen, men på vegen kom mannen over i motsett køyrefelt med bilen og frontkolliderte. Men til all lukke vart ingen alvorleg skadd. Mannen har tilstått at han var ruspåverka under køyringa, og han har aldri hatt førarkort for bil. Mannen må og betala ei bot på 20.000 kroner.

Sponsor løp

MODALEN: Motbakkeløpet Nestavatnet opp i Modalen vert arrangert 23. august. Modalen idrettslag har søkt kommunen om sponning, og kommunen går inn med 6.000 kroner, som skal gå til premiar.